



Byggm. Steinar Thunold AS
Sollesmitten 2
5136 MJØLKERÅEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/392 - 15/2709

Saksbehandlar:

Tore Johan Erstad

tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:

13.02.2015

GBNR 1/66 - Søknad om bruksendring frå hytte til heilårsbustad - Krossneset i Meland kommune - Trong for tilleggsopplysningar

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad journalført 5.2.2015.

Mottakskontroll:

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Eigedomen gbnr 1/66 er i Reguleringsplan for Flatøy Vest (arealplanid 125619890001) regulert til arealføremålet bustad, og er i samsvar med omsøkt bruksføremål etter endring. Administrasjonen legg vidare til grunn at eigedomen er sikra tilfredsstillande vegtilkomst og at vatn- og avlaupssituasjonen vert ordna/avklara i samband med et det no er søkt om løyve til utslepp av sanitært avlaupsvatn. Sistnemnde søknad vert handsama saman med søknaden om bruksendring når denne er komplett, jf nedanfor.

I samband med handsaming av søknaden skal kommunen – i samsvar med plan- og bygningslova – sjå til at bygget er av ein slik teknisk kvalitet at ein kan bu på staden heile året, jf pbl. § 31-2. Vedlagt følgjer informasjon frå nettsida bing.nu, som gir rettleiing om kva for informasjon kommunen treng for å godkjenne tiltaket.

Det sentrale er at søknaden gjeld bruksendring av heile bygget. I utgangspunktet følgjer det då av pbl § 31-2, første ledd at heile bygget skal stette dagens krav til byggverk i samsvar med TEK10, særskilt kap 10-15, men det er høve til å søke om fråvik (ikkje dispensasjon) for einskilde krav som det vil vere uforholdsmessig kostbart å oppgradere til dagens krav, dersom bygget har likevel forsvarlege løysingar og legg til rette for hensiktsmessig bruk. Sistnemnde kan vere tilfelle dersom bygget vart oppført i samsvar med dei krav som gjaldt på oppføringstidspunktet.

Kommunen ber om at det vert sendt inn dokumentasjon og konkret utgreiing av kva for delar av tiltaket som stetter dagens tekniske krav og kva for delar som ikkje gjer det. Søknad om fritak for enkelte delar må grunngjevast og sendast kommunen i samsvar med pbl § 31-2, fjerde ledd. For dei arbeida som må gjerast for å oppgradere bygget må det søkast om naudsynte ansvarsrettar av kvalifisert føretak.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 27.3.2015. Saka vert lagt i ventearkiv til dokumentasjon er motteke i samsvar med ovanstående.

Sakshandsamingsfrist:

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr:

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
konsulent byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Rettleining frå bing.nu - Bruksendring frå hytte til heilårsbustad

Mottakere:

Byggm. Steinar Thunold AS

Sollesmittet 2

5136

MJØLKERÅEN